



## REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

**Tid:** 28.10.19, kl 11.30

**Stad:** Kjevikdalen

### Desse representantane møtte:

Austrheim:	Hardy Pedersen, Gro Kaland
Fedje:	Ingmar Stuberg, Tonje Sulen Gullaksen
Gulen:	Margrethe Thune Trædal
Lindås:	Leif Hosøy Sleire, Leidulv Brunborg, Nina Stabell Øvreås
Masfjorden:	Birger Wergeland
Meland:	Mabel Ingeborg Johansen, Fredrik Seliussen
Modalen:	Liv-Anne Aanesen (leiar), Frank Stian Steinsland
Radøy:	Leif Taule, Agnes Hoshovde Bernes
Solund:	Nils Christian Bjørgo

### Frå styret:

Helge Fjellanger (styreleiar), Martin Soltveit og Henrik Kjøpstad (tilsettrepresentant)

### Frå administrasjonen:

Bjørn Berg (dagleg leiar, ref.), Erlend Kleiveland (økonomisjef) og Hilde Lysø (seniorrådgjevar)

### Sakliste:

Sak 10/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 11/19	Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
Sak 12/19	Meldingar a) Diverse munnleg orientering
Sak 13/19	Investeringsbudsjett 2020
Sak 14/19	Driftsbudsjett 2020
Sak 15/19	Renovasjonsgebyr 2020
Sak 16/19	Slamgebyr 2020
Sak 17/19	Økonomiplan 2020-2023

Møtet starta med namneopp, og deretter mat.

Liv-Anne Aanesen leia møtet.

## **Sak 10/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent av representantskapet.**

## **Sak 11/19 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll**

### **Framlegg i møtet:**

Leif Taule og Leidulv Brunborg skriv under protokollen, i tillegg til representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen.

**Samrøystes godkjent av representantskapet.**

## **Sak 12/19 Meldingar**

### **a) Diverse munnleg orientering**


Bjørn Berg orienterte om punkt 1-2. Erlend Kleiveland punkt 3.

#### **1) Info om brann i Kjevikdalen 22 oktober.**

Eit lite litium-batteri tok fyr på gjenvinningsstasjonen i Kjevikdalen. Batteriet var blitt levert inn av ein hushaldskunde og lagt på rett plass. Sannsynlegvis har batteriet hatt ein skade, og då kan slike batteri ta fyr. Brannen var sløkka før brannvesen, politi og helsepersonell kom til staden, men fordi litiumbatteri kan utvikle skadeleg gass vart det ikkje tatt sjansar: Anlegget vart stengd og 3 av NGIR sine folk vart sendt til helsesjekk. Ei oppsummering av hendinga: Imponerende oppmøte frå brann og redning, og betryggande å sjå at hjelp kjem fort når det trengs! For NGIR og verksemda sitt industrivern er det viktig å gå gjennom risikoanalysar og tiltak for å sikre at vi veit korleis slike batteri og ein brann i desse vert handtert. Og viktigast av alt: Ingen personskade.

#### **2) Bygging av reinseanlegg er no ferdig og anlegget er satt i drift. Anleggsarbeid fortset i Kjevikdalen; vi lagar no ein større P-plass for på sikt å erstatte den eksisterande, som vil bli mindre grunna planlagt utviding av administrasjonsbygg. Vi håper at vi kan vere i gong med utviding av administrasjonsbygg i slutten av 2020 og vere ferdig i 2021.**

- 3) NGIR har no drifta innhenting av hushaldsavfall med eige mannskap i 2 år. Vi har gradvis har redusert køyrelengd og bemanning gjennom betre planlegging av ruter (grafene under vart vist). Det kan no sjå ut til at det ikkje er så mykje fleire kostnader å spara innan dagens rutestruktur. Også når det gjeld driftsavvik knytt til innhenting er utviklinga god med få klagar.



## Sak 13/19 Investeringsbudsjett 2019

Erlend Kleiveland orienterte.

Vedtak av dette investeringsbudsjettet inneber å auka investeringar med kr 10 750 000 i forhold tidlegare investeringsbudsjett og økonomiplan. Kr 10 700 000 er investeringar som var planlagt i 2019, men utsett til 2020 og kr 14 400 000 var vedteke i økonomiplanen for 2020. Det er samla planlagt investeringar for kr 35 850 000 i 2020. Det er budsjettert med å gjera låneopptak til halvparten av investeringane.

### Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner følgjande investeringsbudsjett:

Eigedom og bygg	13 700 000
Maskiner og bilar	14 100 000
Lausøyre, inventar og diverse	8 050 000
<b>Sum</b>	<b>35 850 000</b>

### Samrøystes tilrådd i styremøte 07.10.19

*Samrøystes vedteke av representantskapet.*

## Sak 14/19 Driftsbudsjett 2019

I vedlagde driftsbudsjett for 2020 finn ein alle samlekontoar som NGIR i 2020 budsjetterer inntekter og kostnader på. Avvik frå budsjettet for 2019 er forklart.

Budsjettet er fordelt på 4 avdelingar:

- Hushald/hytter
- Næring
- Slåm
- Bilvrak

Det er budsjettert med eit underskot på kr 6 336 000, fordelt på - kr 4 788 000 på hushald/hytter, kr 0 på næring, - kr 1 548 000 på slam og kr 0 på bilvrak. Underskota på hushald/hytter og slam vert dekkja av utjamningsfond. Det er budsjettert med auke i driftsinntekter på 5,3 % og auke i driftskostnader på 10,0 %.

NGIR hadde eit utjamningsfond for hushalda på + kr 13 094 792 ved starten av 2019. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert bruk av utjamningsfondet for 2019, vil fondet vera om lag 6,1 millionar kroner ved utgangen av budsjettåret.

NGIR hadde eit utjamningsfond for slam på kr 3 423 730 ved starten av 2019. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert endring for 2019, vil fondet vera om lag 1,3 millionar kroner ved utgangen av budsjettåret.

Det er ikkje budsjettert med avsetning til etterdriftsfond frå hushalda (framleis avsetjing til etterdriftsfond frå næringsavfall). Kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar sjølvkostresultatet gjer at eigenkapitalen årleg aukar med minst 1 million kroner i åra framover. Dette skjer fordi dei kalkulatoriske rentekostnadene er større enn dei reelle rentekostnadene. Avsetning til etterdriftsfond er føreslått å skje ved at ein tek pengar frå eigenkapitalen og set av til etterdriftsfondet. Dette gjer at gebyra kan haldast lågare utan at ein kjem i konflikt med kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar etter sjølvkostprinsippet.

Utrekningane av sjølvkostresultat og utjamningsfond er vist under:

	Hushald	Slam
<b>Resultat</b>	<b>-4 788 000</b>	<b>-1 548 000</b>
+ Rentekostnader lån	317 331	533
- Renteinntekter bankinnskot	277 997	7 285
- Kalkulatorisk rentekostnad	1 215 877	2 946
<b>= Sjølvkostresultat</b>	<b>-5 964 542</b>	<b>-1 557 698</b>
<b>Utjamningsfond 01.01.2019</b>	<b>13 094 792</b>	<b>3 423 730</b>
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2019	-1 463 768	-701 929
Kalkulert rente utjamningsfond 2019	271 984	67 601
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2020	-5 964 542	-1 557 698
Kalkulert rente utjamningsfond 2020	193 264	43 489
<b>Utjamningsfond 31.12.2020</b>	<b>6 131 730</b>	<b>1 275 193</b>

#### Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2020.

#### Samrøystes tilrådd i styremøte 07.10.19

*Samrøystes godkjent av representantskapet.*

## Sak 15/19 Renovasjonsgebyr 2020

### Renovasjonsgebyr 2020

#### Uendra gebyr frå 2019 til 2020

NIGR har eit stort utjamningsfond som må brukast i løpet av dei neste 4 åra og det vert difor ikkje føreslege auke i gebyr sjølv om kostnadene aukar ein del.

#### Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 5 964 542 for 2020, som er tenkt finansiert av utjamningsfondet.

<b>Resultat 2020</b>	<b>-4 788 000</b>
+ Rentekostnader lån	317 331
- Renteinntekter bankinnskot	277 997
- Kalkulatorisk rentekostnad	1 215 877
<b>= Sjølvkostresultat</b>	<b>-5 964 542</b>

Utjamningsfondet er venta å minka frå kr 13 094 792 per 01.01.2019 til kr 6 131 730 ved utgangen av budsjettåret, under føresetnad av resultatet for 2019 vert som budsjettert.

<b>Utjamningsfond 01.01.2019</b>	<b>13 094 792</b>
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2019	-1 463 768
Kalkulert rente utjamningsfond 2019	271 984
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2020	-5 964 542
Kalkulert rente utjamningsfond 2020	193 264
<b>Utjamningsfond 31.12.2020</b>	<b>6 131 730</b>

#### Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande renovasjonsgebyr (eks mva.) for hushald og hytter i 2020 (uendra frå 2019):

Renovasjonsgebyr 2020	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3 168,00	kr 2 768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3 488,00	kr 3 088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 808,00	kr 3 408,00
Hytterrenovasjon		kr 1 744,00	

\* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

\*\* Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

## Samrøystes tilrådd i styremøte 07.10.19

*Samrøystes godkjent av representantskapet.*

## Sak 16/19 Slamgebyr 2020

### Uendra gebyr frå 2019 til 2020

#### Ordinær tømning

Det er budsjettert med kr 1 548 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert halde uendra. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet. Pris i parentes er for 2019. Det vert arbeidd med å implementera minireinseanlegg som har trong for tømning kvart år i slamtømeordninga og prisen på dette vert sett til det doble av dei som har tømning annakvart år.

Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år	kr 1584
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år	kr 792
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år	kr 396
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320

#### Naudtømning\*/Ekstratømning\*\*

Nokre kundar har trong for ekstra tømning utanom ordinær slamtømning. NGIR fakturerer kunden direkte for dette.

Ekstratømning inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtømning inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratømning over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtømning over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

\*Naudtømning er tømning som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømmeplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtømning skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

\*\*Ekstratømning er ikkje like akutt som naudtømning, og skal oppfylle følgjande kriteriar:

Tøminga er utanom vanleg tømefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

## Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 1 557 698 for 2020, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjamningsfondet:

<b>Resultat 2020</b>	<b>-1 548 000</b>
+ Rentekostnader	533
- Renteinntekter bankinnskot	7 285
- Kalkulatorisk rentekostnad	2 946
<b>= Sjølvkostresultat</b>	<b>-1 557 698</b>

Utjamningsfondet er venta å verta redusert frå kr 3 423 730 per 01.01.2019 til kr 1 275 193 ved utgangen av budsjettåret.

<b>Utjamningsfond 01.01.2019</b>	<b>3 423 730</b>
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2019	-701 929
Kalkulert rente utjamningsfond 2019	67 601
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2020	-1 557 698
Kalkulert rente utjamningsfond 2020	43 489
<b>Budsjettert utjamningsfond 31.12.2020</b>	<b>1 275 193</b>

### Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar eks. mva. for slam i 2020 (alle satsar uendra frå 2019):

Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år	kr 1584
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år	kr 792
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år	kr 396
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320
Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

### Samrøystes tilrådd i styremøte 07.10.19

*Samrøystes godkjent av representantskapet.*



## Sak 17/19 Økonomiplan 2020-2023

### Økonomiplan 2020-2023

**Vedlegg:** Økonomiplan for åra 2020-2023

Med utgangspunkt i økonomiplanen for 2019-2022 er det utarbeidd ein plan over korleis økonomien ser ut til å utvikla seg. Det er sett opp driftsbudsjett, investeringsbudsjett og forventa renovasjonsgebyr for åra 2020 til 2023. Det er også sett opp sjølvkostrekneskap og forventa utvikling av utjamningsfonda.

Det er viktig å merka seg at økonomiplanen er basert på mange usikre faktorar.


**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2020-2023.

**Samrøystes tilrådd i styremøte 07.10.19**

***Samrøystes godkjent av representantskapet.***


Kjevikdalen 28.10.19



Liv-Anne Aanesen  
-Representantskapsleiar-



Leif Taule  
-Representantskapsmedlem-



Leidulv Brunborg  
-Representantskapsmedlem-